



Eidfjord råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Arkivsakid-doknr: 20/175-19
Journalpostid: 21/8065

Saksh: Glenn Wiik
Telefon: 53673535

Arkivkode
K1-033 Dato:
16.09.2021

Møtebok 7.sept. kl. 10.00 - 1200

Frammøte: Marete Sæbø, Harald Næss, Johanna Håbrekke, Sigrid Bu, Ole-Johnny Odland, Frode Eriksen.

Ikkje møtt: Magnar Røise
(vara hadde ikkje høve til å møta)

Frå administrasjonen møtte ordførar Anders Vatle

Sak 34

Godkjenning av møtebok

Det var ikkje merknader til møteboka. Møteboka godkjent.

Sak 35

Taxiordninga i Eidfjord kommune

Eidfjord har ikkje hatt eige drosjetilbod på ei stund. Dette har skapt praktiske problem for einskilde brukarar. Til dømes har ein drosjetur til Haukeland sjukehus kosta ca. kr. 4000 og brukaren har måtte leggja ut sjølv og så venta på refusjon frå Pasientreiser. No har Eidfjord eit drosjetilbod gjennom Granvin Taxi, men det kom fram fleire spørsmål rundt denne saka som ordføraren skulle sjå nærare på og koma attende med meir informasjon til neste styremøte.

Sak 36

Utstyr til uteområdet ved bygdaheimen.

Det var synfaring, saman med leverandør, på uteområdet. Tilsette ved bygdaheimen var med. Slik det ser ut no har me funne ein veileigna plass for nye apparat. Me har teke kontakt med Drift & Forvatning for å få hjelp til bygging av fundament for desse apparata.



Sak 37

Ymse

Rådet etterlyser saker som er relevante for oss. Dette er noko me har teke opp med kommunen mange gongar før. Saker som kan vera av interesse for rådet bør uoppfordra sendast til oss slik at rådet kan koma med innspel og idèar før det vert fatta vedtak.

Til å skriva under møteboka: Marete Sæbø og Ole-Johnny Odland

Marete Sæbø (leiar)

Ole-Johnny Odland

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Glenn Wiik
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok